



N Sverresoga fortel at Sverre Sigurdsson sine menn, Birkebeinane, måtte overmannar vardevakta på Håøya før dei kunne dra vidare for å hærta Bergen i 1183. Dette seier oss mykje om den strategiske plasseringa denne øya har. Fram til slutten av 1800-talet var jordbruket den dominerande næringsvegen, men det føregjekk ei storstilt utbygging av forsvarsanlegg på Håøya før og under 1. verdskrigen (1914 - 1918). I denne perioden vart mesteparten av det vi i dag kan sjå restane etter, utbygt. Under 2. verdskrigen (1940 - 1945) vart det berre gjort mindre endringar. Etter frigjeringa vart mange av bygningane rivne. Forsvaret hadde oppsynsmann på området fram til 1957. Då var Håøya sin epoke som forsvarsverk slutt. Etter det har øya vorte eit fint friluftsområde. Bergen og Omland Friluftsråd er i dag forvaltar av området.

GB The Sagas tell us that Sverre Sigurdsson's men, known as the 'Birkebeiner', had to overpower the sentry post at Håøya before they could continue on to occupy Bergen in 1183. This indicates the island's strategic importance. Up until the end of the 1800's farming was the chief occupation on Håøya but gradually, before and during the First World War (1914 - 1918) there was a large scale development of the defence installations. Most of the remains we can see today date from this period. During the Second World War (1940 - 1945) only a few modifications were made. After the Liberation, many of the buildings were demolished. The Armed Forces had an official in this area until 1957, when Håøya's days as a defence establishment came to an end. Since then the island has been a splendid recreation area. Bergen and District Recreation Committee manage the area today.

D In der Saga von Sverre heißt es, daß Sverre Sigurdssons Männer, die Birkebeiner, im Jahre 1183 zunächst die Wachtposten auf Håøya überwältigen mußten, bevor sie zur Eroberung von Bergen weiterziehen konnten. Dies sagt viell über die strategisch wichtige Lage dieser Insel. Bis zum Ende des 19. Jahrhunderts war die Landwirtschaft der wichtigste Erwerbszweig, aber vor und während des 1. Weltkriegs (1914 - 1918) wurden auf Håøya in immer größerem Umfang Verteidigungsanlagen gebaut. Die Reste, die heute noch zu sehen sind, stammen zum größten Teil aus dieser Zeit. Während des 2. Weltkriegs (1940 - 1945) wurde nur kleine Veränderungen vorgenommen. Nach der Befreiung 1945 wurde viele der Gebäude abgerissen. Bis 1957 hatte die norwegische Verteidigung hier eine Aufsicht stationiert. Erst in diesem Jahr endete für Håøya die Epoche einer Verteidigungsanlage. Seitdem ist Håøya ein beliebtes Naherholungsgebiet. Heute verwaltet das Amt für Grün- und Erholungsgebiete in Bergen und Umgebung dieses Gebiet.



A Mineavdelinga/ fellesfunksjonar

Frå utkilspostar kume ein varsla om fiendtelege skip. Frå orografhuset kunne ein så utløysa miner som var lagde ut i Håøysundet. Orograf er ein avstandsmålar, basert på vinkelmåling, som vart nytta til å sikte inn eventuelle mål (krigsfartøy). I dette området var det òg kraftstasjon, økserserplass og bustad for oppsynsmannen.

- 1 Soldatbarakke *
- 2 Underoffiserer }
- 3 Underoffiserer } bustad og messe *
- 4 Sanitet *
- 5 Bustad for sjef *
- 6 Brønn
- 7 Befalsmesse *
- 8 Ekserserplass
- 9 Latrine *
- 10 24-mannsbarakke *
- 11 Matbarakke *
- 12 Badehus *

B Artilleriavdelinga - Håøytoppen

- 13 Vaktlokale *
- 14 Kolskur
- 15 Maskinstasjon *
- 16 Kai
- 17 Kolskur *
- 18 Lagerplass for kol
- 19 Orografhus
- 20 Lyskastarskur *
- 21 Lyskastarstandplass
- 22 Vassbasseng
- 23 Lagerplass for kol

A Gardsanlegg/ Oppsynsmanngard

- Fleire av kulturminna på Håøya er frå før forsvarsverket vart bygt.
- 1 Oppsynsmannbustad (Oppr. gardshus)
 - 2 Verkstad/honsehus *

3 Løe *

- 4 Utløe *
- 5 Naust

Steingardar

B Artilleriavdelinga - Håøytoppen

Forsvarsverket var i utgangspunktet bygt for angrep frå sjøen. Under fyrste verdskrigen vart det naustsyn med luftvern.

- 1 Kanonstilling
- 2 Kanonstilling
- 3 Hole, tilfluktsrom
- 4 Lyskastarstilling
- 5 Lyskastarstilling
- 6 Signalstasjon
- 7 Lyskastarskur. *
- 8 Vaktpost. *
- 9 Luftkanon
- 10 Luftkanon

11 Radiosamband *

- 12 Ammunisjonskur *
- 13 Latrine *
- 14 Kanonstilling
- 15 Kjøkkenbarakke *
- 16 Matbarakke *
- 17 Ammunisjonslager *
- 18 Kanonskur *
- 19 Brønn
- 20 Bauta

C Infanteriavdelinga

Denne avdelinga skulle hindra fiendtelege styrkar å ta seg i land på øya.

- 1 Mannskapsbarakker *
- 2 Befalsbarakke *
- 3 Kjøkken *
- 4 Matbarakke *
- 5 Innskrifter

* Bygning / anlegg i ruiner eller langt kome forfall.

Gardane på Håøya

Frå 1590 har vi skriftlege opplysningar om gardsdrifta på Håøya. Då var området kongeleg jordegods under Bergen Slott. Som anna krongods vart og Håøy gard bygsla bort. På 1600-talet vart Håøy ein del av Flatøy gard, som kom i privat eige i 1667. Flatøy gard vart delt i 1832, og i 1834 vart Håøy utskild som eigen gard. Matrikkel og jordskiftekart syner at det i 1890 var tre bruk på sørsida av øya. Oppsynsmannsbustaden, ruinane av løer og uthus og dei lange steingardene er minne etter denne gardsdrifta. Mange av dei stigane som er opparbeidde i området, har teke utgangspunkt i gamle stigar og trakk etter dyr.



Oppsynsmannen og familien hans utanfor bustaden i 1945. Eit av dei gamle gardshusa gjekk over til å verta oppsynsmannsbustad. Opphøveleg var det bustad i den eine delen av huset og løe og fjøs i den andre. Oppsynsmannen helt fram å driva garden og nytta eine delen av huset som løe. Han hadde fjøs i ein annan gammal gardsbygning. I mellomkrigstida vart heile oppsynsmannsbustaden opprusta til bustadformål. Fjøsot vart påbygd med løe i andre høglå.

Festningsanlegga kring Bergen

Håøya er ein del av systemet kring forsaret av Bergen (Bergens befestningar). Dette vart forsterka på slutten av 1800-talet, først med tanke på eit mogeleg angrep frå Sverige. Til indre festning høyrde Kvarven batteri, Hellen batteri og Øvre- og Nedre Sandviksfjell batteri. Til Ytre festning, Nordre inløp høyrde Herdloyavsnittet, Ypsøy, Hagelsund, Littebergen og Håøy toppbatteri. Hagelsundet, Smihuset (Littebergen) og Håøya utgjør ei eining i forsaret av denne nordre skipsleia til Bergen. Med Håøya som midtpunkt kunne ein anten setja inn batterier i Hagelsundet eller i Håøysundet, alt etter kvar fienden kom. På alle desse stadene finn vi i dag restar etter desse forsvarsanlegga, jamvel om dei fleste av bygningane er borte.



Frå mineavdelinga på Håøya i 1914. Anlegget var då under opprusting, men enno stod eit gardstun der restane etter soldatbarakke 1 er i dag. **Båtar (framanfrå):**

1. Dampskip som frakta materiell og mat rundt til vaktpostane. Det var vaktpostar på Tjuvholmen, Oksebåsen, Alversund, Skorpneset, Furuskjetget og Håøygavlen.
2. Kabelbåt, (kabelrulle i midten).
3. Kanonbåt.



Feltkanon 8,4 cm, modell 1887 ombygd til luftkanon. Det var slike kanoner på Håøya under første verdskrigen. Desse kanonane hadde liten treffsikkerhet.

Frå Håøytoppen under første verdskrigen. Ved lyskastaranlegget ser vi sjersant Swan. I bakgrunnen er det ein feltkanon.

Festningsanlegget på Håøya

Anleggsarbeida på Håøya starta opp i 1895. I 1898 var det utplassert 4 feltkanonar på Håøytoppen. Då forsaret endeleg overtok området i 1902, var maskinstasjon, orografhus, lyskastaranlegg m.m fullført. For 1. verdskrigen var forsvarsanlegget fullt utbygt til eit topp moderne sjøforsvarsverk. Under 1. verdskrigen vart vaktalderet skjerpa og fleire mannskapsbygningar sette opp. Tre militæravdelingar var då stasjonerte her. Ei artilleriavdeling hadde ansvaret for kanonstillingane på toppen. Ved Håøysundet stod ei mineavdeling for vaktalderet av sundet, og på Stølane skulle ei infanteriavdeling hindra ilandstiging. Då aktivitetane på Håøya var på sitt høgste, var det stort mannskap på øya. I april 1917 var det t.d. 119 mann i infanteriavdelinga. Under 2. verdskrigen var luftforsvarsanlegget (artilleriavdelinga) her mindre viktig for okkupasjonsmakta. Truleg var det berre trekanonar som stod på toppen. Mineavdelinga hadde framleis ein viktig funksjon, men det vart ikkje gjort nemande anleggsarbeid på Håøya i denne tida. Hagelsundet og det nye tyske kystfortet på Klauvaneset hadde både luft- og sjøforsvarsvåpen.